

Hordaland fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/304 - 16/2630

Sakshandsamar:

Sveinung Toft

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:

03.05.2016

Innspel til Nasjonal transportplan (NTP) 2018 - 2029 frå Masfjorden kommune

Det vert vist til dykkar brev av 06.04.2016 om Nasjonal transportplan (NTP) 2018 – 2029, der de inviterer kommunane m.fl. til å koma med innspel, som grunnlag for utforming av Hordaland fylkeskommune sin uttale. Masfjorden kommune tillet seg med dette å koma med følgjande innspel til grunnlagsdokumentet til ny NTP:

På side 211 i Grunnlagsdokumentet til Nasjonal Transportplan 2018 – 2029, revidert utgåve av 8. mars står det følgjande:


«Følgende vegprosjekter i NTP 2014–2023 inngår ikke i noen av rammenivåene:

- **E39 Vågsbotn–Klauvaneset**
- **E39 Eikefet–Romarheim bru**
- E39 Kjøs bru–Grodås
- E39 Lønset–Hjelset
- E39 Utbedring av delstrekninger i Sogn og Fjordane
- Rv 13 Tunnel gjennom Vikafjellet»

Masfjorden kommune meiner at vegprosjektet **E39 Vågsbotn – Klauvaneset** er det viktigaste samferdselsprosjektet for heile Nordhordland, og at eksisterande strekning no representerer ein stor flaskehals både for godstrafikken langs E39 og for alle som pendlar dagleg mellom Nordhordland og Bergen. Det vert vist til at Nordhordlandspakka er ferdighandsama i fylkestinget i Hordaland, og at den venteleg vil verta handsama på Stortinget hausten 2016. Masfjorden kommune ber difor om at fylkeskommunen krev at dette viktige samferdselsprosjektet kjem inn i prosjektportefølgje/ ramma for veginvesteringar i ny NTP.

Prosjektet er både samfunnsøkonomisk lønsamt og vil ha stor betydning både for næringslivet og for innbyggjarane i alle kommunane frå Bergen og nordover til Sognefjorden.

Masfjorden kommune meiner at **E39 Eikefet–Romarheim bru** også må inn i ramma i endeleg NTP som prioritert prosjekt. Ein vil vise til at dette vegprosjektet vart godkjent i reguleringsplan den 27.11.2014, etter at kommunedelplanen først vart godkjent i 2011. Statens Vegvesen hadde planarbeidet og planen vart effektivt handsama og godkjent i Lindås kommune. Masfjorden kommune vil peika på at den noverande vegen mellom Eikefet/ Vikanes til Romarheim er den dårlegaste strekninga langs E39 i heile Hordaland. Vegen her er både ein flaskehals for tunge køyretøy og den dårlege standarden med mange svingar og dårleg sikt medfører stor fare for trafikkulykker. Den består mellom anna av mange trange og eldre tunnelar, kurvaturen er dårleg og mange stadar er det høge skjæringar med stor fare for ras og is-nedfall. Det er laga kostnadsoverslag for prosjektet etter «ANSLAG-metoden», som viser ein kostnad på krone 1 254 millionar i 2013 kroner. Nedunder er litt fakta og kart om parsellen vist:



Planområdet strekkjer seg frå Eikefet i sørvest til Romarheim i nordaust. Vegstrekninga er regulert etter alternativ 8 i *E39 Eikefet-Romarheim, kommunedelplan med konsekvensutgreiing*. Vegstrekninga tek til inne i eksisterande Eikefettunnel, om lag 500 meter frå nordre munning. Herfrå vert det ny tunnel som munnar ut om lag 400 meter ovanfor eksisterande veg i Eikefet. Vegen går i ein kort daglinje i nordre del av industriområdet der den kryssar Eikemovassdraget, og går vidare i ein omlag 6 kilometer lang tunnel til Romarheim. Tunnelen munnar ut om lag 400 meter nord for Romarheim bru, kryssar elva og koplar seg til eksisterande E39 sør for Gamlesetra i Romarheimsdalen.

Det planlagde vegprosjektet med tunnel frå Eikefet og Romarheimsdalen vil redusere køyrelengda mellom Sognefjorden og Bergen med 2050 meter. Ei slik nedkorting i reisetid og køyrelengd vil etter Masfjorden kommune si vurdering vera spesielt viktig for tungtransporten langs heile E39, men og vera viktig næringslivet og for mange innbyggjarar i dei tre kommunane Masfjorden, Gulen og Høyanger. Masfjorden kommune ber difor om at fylkeskommunen i sitt høyringsbrev krev at dette vegprosjektet kjem inn i ramma som prioritert prosjekt i NTP.

Vidare vil Masfjorden kommune peika på at det er to **utbetringar langs E39 i Nordhordland** som bør koma inn i NTP i Nordhordland. Desse må definerast som viktige trafikksikringstiltak langs E39 i Nordhordland og bør visast særskilt i ramma til TNP som egne prioriterte prosjekt:

1. **Utbetring langs E39 forbi Haugsværvatnet og Haugsværtunet i Masfjorden kommune.** Nytt kryss og utbetring av ei vegstrekning på ca 2 km. inkludert gang-/ sykkelveg mot Matre. Her ligg det føre godkjent reguleringsplan frå 28.10.2015. Statens Vegvesen var med å finansiere planarbeidet og deltok aktivt i arbeidet med reguleringsplanen. BKK planlegg også å byggja ein stor trafostasjon på denne staden, og ein ser for seg at kostnadane med prosjektet kan reduserast frå Statens Vegvesen si side om BKK byggjer ny tilkomstveg langs E39 først. Kostnad ca. 80 millionar.
2. **Utbetring av vegkrysset forbi Matre sentrum i Masfjorden kommune.** Gjeldande reguleringsplan vart godkjent i 2009, og stadfesta av kommunestyret den 21.06.2012. Her er det regulert eit kanalisert kryss etter vegnormalkrava, og med forbetring av både kurvatur og nye gangfelt, samt undergang ved kryssområdet. Kostnad stipulert til 30 millionar.

Vidare ber me om at ramma i NTP til programområda for trafikksikring langs E39, som mellom anna går til kryssutbetringar, lys og til mindre gang-, sykkelveggar vert auka. Her tenkjer ein til dømer på prosjekt som trafikksikring av **Molvikakrysset/ Bjørsvikkrysset** ved Ostereidet, lyssetting av **Andåskrysset** ved Eikefettunnelen og andre utbetringar som t.d. krysset ved **Trodalen** nord for Matre m.v. I Gulen kommune er det eit **farleg krabbefelt på E39 i stigninga sør for Inste fjorden** som og bør trafikksikrast. Alle desse prosjekta er viktig trafikksikringstiltak langs E39 i Nordhordland, og Masfjorden kommune ber fylkeskommunen også ta dette med i høyringsbrevet som no skal utarbeidast og sendast til Samferdselsdepartementet innan 1.juli 2016.

Med helsing

Karstein Totland
Ordførar

Sveinung Toft
ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Nordhordland utviklingsselskap IKS
Statens vegvesen region vest

postboks 13
Askedalen 4

5902
6863

ISDALSTØ
LEIKANGER

Mottakarar:
Hordaland fylkeskommune